



*Mot
hogare
mal*

2018 - 2019

SKULEGUIDEN

VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

REDAKSJONEN



Hei! Sidan starten på skuleåret har vi i 3MK arbeida med å lage årets skuleguide - sjølv sagt med mål om å lage tidenes beste!

Det er svært krevjande, utfordrande, men lærerikt å produsere eit slikt produkt. Skuleguiden har som formål å vere eit praktisk oppslagsverk i skulekvardagen. For å skape orden og system har vi, som i fjor, innført fargekoder på dei ulike utdanningsprogramma. Men Skuleguiden skal også vere ei kjekk minnebok å bla seg gjennom - vonleg vil du leite den att fram ein gong i framtida og tenkje attende på dei flotte minna og folk frå tida på vidaregåande.

TOPP 3 MED ÅRETS SKULEGUIDE:

1. INFORMATIV
2. UNIK
3. FINT MINNE

I år har vi valt stilen *retrowave* som tema, ein skuleguide med mykje fargar og spennande utforming! Og for litt ekstra krydder har me spurt kvar klasse om å oppgi eitt ord som beskriv klassa. Me håper årets utgåve fell i smak!

TEAMLEIARAR



Carina Holen - Grafisk

Lage og setje saman den grafiske profilen



Brian Dale - Innhald

Samle inn og produsere alt tekstinnhald



Truls Sætre - Marknadsføring

Ansvar for PR, sal og marknadsføring



Maria S. Digernes - Prosjektansvarleg

Overordna ansvar for at prosjektet går i hop



Elisabeth Steinnes - Foto

Planlegge og gjennomføre skulefotograferinga

REKTOR

Endelig er den her – årets skuleguide!

Skuleguiden er ein sterkt positiv miljøfaktor, i tillegg til eit viktig hjelpemiddel for mange av oss som arbeider på skulen. Guiden er også ei merkevare for skulen som syner att i heimane, og som fortel noko om oss som skule. Ein skule utan Skuleguiden er nesten utenkjeleg ...

Eg vil takke MK-linja som år etter år krummar nakken og går på dette store prosjektet som Skuleguiden representerer. I år er det 3MK som står bak prosjektet, etter ei omlegging i prosjektstrukturen som følgje av endringane i utdanningsprogrammet (frå yrkesfagleg til studieførebuande). Har hatt glede av å følgje prosessen og kika på dei tidlege utkasta, og har observert at evna og vilja har vore sterkt til stades til å gjennomføre

dette store prosjektarbeidet – trass i at årets stab er mindre enn på lenge.

Arbeidet med Skuleguiden krev både gode faglege kunnskapar, kreativitet og evna til å handtere medelevar på ein god måte. Dette har 3MK lukkast i – og årets guide med *retrowave* tema framstår som eit spennande kvalitetsprodukt! Gratulerer med nok eit vellukka produkt!

Takk for årets skuleguide!

Mvh

Trond Hjelseth

Rektor



TOPP 3 MED SKULEN:

1. MENNESKA (ELEVAR OG TILSETTE)
2. FORMÅLET (RELASJONSBYGGING, DANNING OG KUNNSKAPSBYGGING)
3. PLASSERINGA (MIDT I VOLDABYGDA, MED EI MAJESTETISK UTSIKT)

ELEVRÅDET

Noko du vil ha forandra på skulen? Ta det opp med elevrådet! Elevrådet er elevane sitt demokratiske organ, valt AV elevane FOR elevane på skulen!

Elevrådet i år vil jobbe med å få elevane sine stemmer til å bli høyrte, noko som er viktig sidan det er vi som veit korleis det er å gå på skulen. Vi vil at terskelen for å seie ifrå om ting skal bli lågare, slik at vi får eit betre innblikk i korleis fleire opplever skulen og skulemiljøet. Difor ønskjer vi at fleire vil vere med å påverke korleis DIN skulekvardag kan sjå ut.



Elevrådet vil óg prøve så godt vi kan å få skulen til å kanskje bli litt betre, for alle skular har alltid eit potensiale til å utvikle seg og bli enda litt betre. Noko elevrådet meiner vi kan bli betre på er til dømes å tilretteleggje betre for kjeldesortering med til dømes fleire plastsorteringar og fleire pantestasjonar i dei ulike etasjane, og kanskje til og med på fleire av romma.

I år er vi veldig heldige og har eit særst engasjert elevråd og styre som har både litt og ingen erfaring. Vi er alle klare til å stå på og prøve så godt vi kan å gjere skulen betre. For å greie dette treng vi hjelp frå alle dokke elevar, slik at vi saman kan endre skulen til det betre.

Eg og elevrådet er gira og vi gler oss til eit nytt år med nye moglegheiter!


Mvh

Randi Maud Mork

Elevrådsleiar

TOPP 3 AMBISJONAR FOR ÅRETS ELEVRÅD:

1. VI VIL VERTE MEIR SYNLEGE
2. VI VIL VISE HANDLEKRAFT
3. VI YNSKJER Å BETRE SKULEMILJØET



LEIINGA

Øydelagt datamaskin? Spørsmål om eksamen? Vil du byte klasse? Leiinga er her for deg!

I leiinga har vi fem flotte og smarte personar som kan hjelpe deg. *Jan Terje, Kristin, Olav, Jørund* og *Lisbet* finn du på kvart sitt kontor forbi resepsjonen, ved sidan av biblioteket og kantina.

Jan Terje Eidset er skulen sin assisterande rektor og avdelingsleiar for *Musikk, dans og drama (MU)*, *Medium og kommunikasjon (MK)* og *Kunst, design og arkitektur (KDA)*. Han er elevrådskontakt, kontaktperson for praksisstudentar og koordinator for fagkoordinatorane. Han ordnar også timeplanane og heilårsplanane for klassene på skulen.

Jan Terje



Kristin



Olav



Lisbet



Jørund



Kristin Bakke Sæterås er avdelingsleiar for tilrettelagt klasse og kroppsøvingseksjonen. Ho er spes.ped.koordinator og har ein overordna personalfunksjon ved skulen.

Olav Trandal er IT-ansvarleg på skulen og avdelingsleiar for driftspersonalet (reinhaldarar, kantine og kontortilsette). Han er ein ekspert innan IT, og hjelper gjerne til om du sit fast med dataproblem.

Lisbet Ose er avdelingsleiar for språk og realfagsseksjonen, og har ansvaret for eksamensgjennomføring, vitnemål og inntak, og sørgjer for at alle elevane får det valfaget dei ønskjer.

Jørund Fet er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han er skulen sin miljøfyrtårnkoordinator, ansvarleg for *Operasjon Dagsverk* og heildagsprøvene på skulen. Han er også kontaktperson for russen og andre elevorganisasjonar.

TOPP 5 TING SOM LEINGA KAN HJELPE DEG MED:

1. DATA (OLAV)
2. EKSAMEN (LISBET)
3. ELEVRÅDSSAKER (JAN TERJE)
4. TILRETTELEGGING (KRISTIN)
5. KÅRING AV ÅRETS RUSSEBIL (JØRUND)



KONTORET

Busskort på avveie? Rot i timeplanen?
Stipendtrøbbel? Då har du god grunn til å
stoppe innom kontoret.

Her sit tre flotte og blide damer som er klare
til å hjelpe deg med det meste - alt ifrå
problem med vitnemål, eller eit sterkt ynskje
om å kjøpe musikal-DVDar.

I tillegg til generelle sørvisfunksjonar så
jømbar *Eli Magnussen Hellebust*, *Anne-
Grete Lid* og *Gerd Sofie Langvatn*
med både reknskap, løn, ajourføring av
administrasjonssystem med meir.

Kontoret ligg i første etasje på øvre bygg, til
høgre for biblioteket.



Praktisk info

Opningstid:

Kvar dag frå 08.10 - 15.10

Kontakt skulen/kontoret:

Tlf. 71 28 23 00

volda.vgs@mrfylke.no

www.volda.vgs.no

Formel for e-postadresse til tilsette:


`fornamn.mellomnamn.etternamn@mrfylke.no`

Delingsadresse Google Apps:

`feidebrukar@gapps.mrvgs.no` (t.d. Peer Gynt = `pæegyn@gapps.mrvgs.no`)

TOPP 5 TING SOM KONTORET KAN HJELPE DEG MED:

1. ALT MOGLEG
2. BUSSKYSS
3. STPIEND
4. PC-ORDNINGA
5. TIMEPLANAR



RÅDGJEVAR OG HELSESØSTER

Randi Kalland (RK) og *Kristian Ingebrigtsen (KI)* er rådgjevarane på skulen.

Er det noko du treng hjelp med? Veit du ikkje kva du skal gjere med framtida di? Sånn seriøst, har du ikkje aning? Treng du gode råd om utdannings- og yrkesval? Rådgjevarane våre står til disposisjon - dei er her for å hjelpe deg!

Har du vondt i hovudet eller slit med andre smerter?

Har du spørsmål om seksualitet, rusmiddel, eller treng du berre nokon å snakke med? Om du har noko på hjartet som du synast er ukomfortabelt å snakke om, ta turen til helsesøstrene våre, *Lisbeth Hoggen Totland (LHT)* eller *Silje Hjelmbakk Hole (SHH)*.

Randi



Kristian



Lisbeth



Silje



TIME	MÅN	TYS	ONS	TOR	FRE
1	Randi Silje		Lisbeth	Silje	
2	Randi Silje		Lisbeth	Kristian	Silje
3	Randi Silje		Randi Kristian Lisbeth	Kristian	Silje
4	Randi Silje	Kristian	Randi Kristian Lisbeth	Kristian	Silje
5	Randi Silje	Kristian	Randi Kristian Lisbeth	Kristian	Silje Kristian
6	Randi Silje	Kristian	Randi Kristian Lisbeth	Kristian Randi	Silje
7	Randi Silje		Randi Kristian Lisbeth	Kristian Randi	Silje
8	Randi Silje		Randi Kristian Lisbeth	Kristian Randi	Silje

TOPP 3 REMINDERS:

1. Du kan kontakte helsesøstrene ved å ringe til 9742 72 78 eller send e-post til lisbeth.totland@mrfylke.no eller silje.hjellbakk.hole@mrfylke.no

2. Du kan òg ta turen til Helsestasjonen for ungdom og studentar på Øyra skule, paviljongen. Tenesta er gratis og har ope tysdag og torsdag 14.00 - 16.30

3. Du finn dei alle i første etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet. Tidene dei er tilgjengeleg finn du i timeplanen til venstre



KANTINA

OPNINGSTIDER: 08.10 - 13.30

Skal du få metta kunnskapstrangen, må du mette magen fyrst.

Dei hyggelege damene i kantina, *Frøydis Skår Ville* og *Else-Marie Riise Klokk*, elsker at nettopp DU tek turen innom for å smake på mangfaldet av varer i kantina, inkludert eit utval glutenfri mat. Følg med på itslærning for å få oppdatert vekemeny kvar veke.

Har du gløymt lommeboka heime? Ingen problem, i kantina kan du betale med Vipps!

TOPP 3 TING DU FINN I KANTINA:

1. GRAUT
2. BÅDE SUNT & GODT
3. VIPPS



Frøydis



Else-Marie

BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER: 08.10 - 13.30

Lengtar du etter ein stille og rolig plass der du kan gjere lekser eller anna skulerelatert arbeid?

Treng du eit oppslagsverk eller leksikon for å finne fakta til ei framføring? Eller er du rett og sløtt berre gira på å leige ei spennande bok eller ein god film til ferien?

Ned trappa frå vestibylen og rett fram finn du staden både elevar og lærarar kan bruke til alt som er studierelatert! Det er bibliotekar *Heidi Holen* som tek deg imot når du kjem inn døra, og om det er noko du lurar på er det berre å spørje!

TOPP 3 TING DU FINN PÅ BIBLIOTEKET:

1. BØKER OG FAGSTOFF
2. FILMAR OG BLAD/MAGASIN
3. STILLE LESESAL



REINHALDARANE

Har du nokon gong tenkt over kvifor du bør rydde og kjeldesortere på skulen? Ikkje berre fordi Volda vgs er eit miljøfyrtårn ...

... men også fordi det gjer jobben til reinhaldarane mykje enklare! *Bente Natalie Søvik, Grete Karin Urke, Leonora Taugahan Kile, Carolina Molvik og Monika Siren Dalebø* kjem inn dørene før alle andre for å halde toaletta reine og støvet vekk.

Der dei lister seg rundt i gangane så passar dei på at skulen held seg hygienisk tipp topp. **Så hugs på:** Rydd vekk iskaffien din og legg bøkene dine i skåpet, så får de tilbakebetalt med skinande pultar og golv kvar dag.

TOPP 3 RYDDE- OG REINHALDSTIPS:

1. RYDD PULTEN DIN
2. TØRK AV SKORNE DINE
3. SORTER SØPLA DI

Bente



Grete Karin



Leonora



Carolina



Monika



VAKTMEISTRANE

Om ein vandrar rundt på skuleområdet er det stor sjanse for å observere to trauste menn i mørke arbeidskle.

Vaktmeistrane *Ronny Aam* og *Rune Fløtre* har "kontor" i vaktmeisterfløya rett ved den vestlege inngongen til øvre bygg. Dei er ansvarlege for å ta seg av all slags vedlikehald på skulen.

Kanskje har du også observert nokre søte robotklipparar? Dei sørgjer for kontinuerleg og effektiv plenklipp, og gjer at vaktmeistrane kan disponere tid til å jobbe med andre ting.

Om du har behov for å få låst opp eit skåp eller fikse noko, så er desse blide karane utrusta med all slags verkty, og er alltid meir enn glade for å hjelpe!

TOPP 3 MED Å JOBBE PÅ VOLDA VGS:

1. GOD MAT I KANTINA
2. GODT ARBEIDSMILJØ
3. FLOTTE OMGJEVNADAR

Ronny



Rune





Lluís
Aguilar



Gunnar Sigve
Aurdal



Siv Kristin
Aurdal



Bjarne
Austrheim



Karina Heggen
Bahl



Øyvind Granden
Berg



Linda
Berkvik



Yngvil
Birkeland



Jorunn Alfild
Bjørdal



Kjetil
Bjørkedal



Åge Andre
Breivik



Eva Ingeborg S.
Brune



Cecilie Haugen
Dale



Kjell
Dale



Monika Siren
Dalebø



Hildur Sandstad
Dalen



Aase Norunn
Digernes



Hilde Kristin H.
Dypviken



Jan Terje
Eidset



Kjetil Johan
Eiksund



Ragnhild
Engeset



Håvard
Festø



Jørund
Fet



Rune
Fløtre



Elin
Gaustad



Arnhild
Grønnevik



Ståle
Hansen



Oddhild
Harman



Eli Magnussen
Hellebust



Stephan
Hestholm



Trond
Hjelseth



Marit Karoline
Hjorthol



Stijje Hjelbakk
Hole



Heidi
Holen



Kaisa Elin
Holsvik



Randi
Holsvik



Svanhild
Holsvik



Mariann
Humberset



Martine Skår
Humberset



Marianne
Hustvedt



Kristian Soma
Ingebrigtsen



Randi
Kalland



Leonora Taugahan
Kile



Else-Marie Riise
Klock



Rolv
Kornberg



Håvard
Krøvel-Velle



Gerd Sofie
Langvatn



Anne-Grete
Lid



Birte
Lindblom



Ingrid Maria
Løfoll



Tove Nilsen
Løset



Magne
Maurset



Gunhild T.
Moltubak



Carolina
Molvik



Kristin
Mork



Lill-Johanne N.
Mundal



May Charlotte
Myklebust



Olav Sandanger
Myklebust



Kåre
Myrene



Liss Hege
Mørch

TILSETTE

AGUILAR - MØRCH

IKKJE TIL STADES:

Kirsten Ragnhild Grimstad



Anders
Nilsen



Ma Liadal
Ortiz




Ragnar Didrik
Osdal



Lisbet
Ose



Siv Heidi
Osvoll



Ragnhild
Oterholm



Jonas
Otneim



Anja Hegggen
Rotevatn



Even
Rotevatn



Ingrid Aarflot
Ryste



Gunnhild Beathe
Rønstad



June
Røv



Ingrid
Salt



Rita
Slotterøy



Hilde
Steinnes



Merete Gretland
Steinnes



Hanne
Stokke



Magnar
Sunde



Kristin Bakke
Sæterås



Grete Marta
Sørheim



Tjalve
Sørheim



Bente Natalie
Søvik



Torill Elise K.
Tafjord



Per
Torheim



Lisbeth Hoggen
Totland



Olav
Trandal



Håkon Orten
Trøvåg



Margrete
Trøvåg



Grete Karin
Urke



Ayne
Vagizova



Stein Henrik
Vartdal



Ingvil Håberg
Velle



Mette-Karin
Vik



Frøydis Skår
Ville



Jorid
Vårdal



Linn Janett D.
Øye



Ann Helen
Aakre



Liv
Åm



Ronny
Aam



Egil
Åslid

KLASSE	KONTAKTLÆRAR(AR)
1KDA	<i>Yngvil Birkeland</i>
1MK1	<i>Åge André Breivik, Ma Ortiz</i>
2MK1	<i>Jorid Vårdal</i>
3MK1	<i>Ståle Hansen</i>
1MU1	<i>Hildur Sandstad Dalen, Kjell Dale</i>
2MU1	<i>Ingvild Høberg Velle</i>
3MU1	<i>Kjetil Eiksund</i>
1ST1	<i>Ragnar Didrik Osdal, Arnhild Grønnevik</i>
1ST2	<i>Bjarne Austrheim, Siv Heidi Osvoll</i>
1ST3	<i>Liss Hege Mørch, Margrete Trøvåg</i>
1ST4	<i>Tjalve Sørheim</i>
2ST1	<i>Aase Norunn Digernes</i>
2ST2	<i>Kåre Myrene</i>

KLASSE	KONTAKTLÆRAR(AR)
2ST3	<i>Ingrid Maria Løfoll</i>
2ST4	<i>Håvard Festø</i>
3ST1	<i>Marianne Hustvedt</i>
3ST2	<i>Lluis Aguilar</i>
3ST3	<i>Tove Nilsen Løset</i>
3ST4	<i>Kaisa Elin Holsvik</i>
3PB1	<i>Eva Ingeborg Solvang Brune</i>
3PB2	<i>Linn Janett Driveklepp Øye</i>

IKKJE TIL STADES:
Rudina Robertsen

TILSETTE

NILSEN - ÅSLID





KDA
Kunst, design & arkitektor





MK
Medium & Kommunikasjon





Brian
Dale



Maria Standal
Digernes



Carina Sørheim
Holen



Kristoffer L.
Lilleøy



Camilla Opshaug
Lund



Nathanael
Nordahn



Pia Rogne
Notøy



Lars Andre K.
Olsen



Elisabeth Hagen
Steinnes



Truls Hauge
Sætre



Tomas
Sævik




Oda Sundnes
Warholm



Daniel P.
Aanonsen

3MK1
#UFOKUSERTE



The background features a dark blue, starry sky above a dark silhouette of a mountain range. Below the mountains is a bright blue horizontal band, and the foreground is a grid of glowing blue lines that recede into the distance, creating a sense of depth and perspective.

MU

Musikk, dans & drama





ST
Studiespesialisering

CRASH-COURSE I...

spansk

Hei!

¡Hola!

Ha det

Adios

Vær så snill

Por favor

Kan eg få

Puedo conseguir

Kva heiter du?

¿Cómo te llamas?

Eg heiter

Me llamo

tysk

Hallo!

Auf Wiedersehen

Bitte

Kann ich bekommen

Wie heißt du?

Ich heiße

fransk

Bonjour!

Au revoir

S'il vous plaît

Je peux avoir

Comment tu t'appelles?

Je m'appelle

* Med atterhold om feil (det er framleis tidleg i skuleåret) ...

AKTUELLE HENDINGAR

Oktober

31. Halloween

Februar

14. Valentine's Day
25.-01. Vinterferie

Mai

01. Offentleg fridag
17. Grunnlovsdag
30. Kristi Himmelfartsdag
31. Eilevfridag

November

01. Operasjon Dagsverk
08. Kultursekk: Konsert Hanne Kolstø

Mars

18.-19. Kultursekk: Scene "Konflikten"

Juni

10. Andre pinsedag
21. Siste skuledag


Desember

21.-02. Juleferie

April

14. Kultursekk: "Julius - nesten menneske"
15.-22. Påskeferie

Vevendelvegen 35
6100 Volda
Tlf.: 71 28 23 00
volda.vgs@mrfylke.no
www.volda.vgs.no



TRYKK: Printing AS / **PRODUKSJON:** MK Volda vgs © 2018-19



Volda
vidaregåande skule